

Statsforvaltarens tilråding til
Miljødirektoratet om vern av skog for
Kivledalen og Spådomsnuten
naturreservat, (utviding av Humleneset
naturreservat)
Seljord kommune



Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark,
januar 2026

Innhold

1.	FORSLAG.....	3
1.1	Heimelsgrunnlag	3
1.2	Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget	4
1.3	Andre interesser.....	5
1.4	Planstatus.....	5
2.	SAKSHANDSAMING	6
2.1	Sakshandsamingsprosessar.....	6
2.2	Forholdet til utredningsinstruksen	6
2.3	Forvaltningsmyndighet	6
3.	VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN	6
3.1	Namn.....	6
3.2	Avgrensing.....	7
3.3	Verneforskriftene	7
4.	OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK	7
5.	FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAAR	8
5.1	Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar	8
5.2	Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar	8
5.3	Avveging skogvern – skogbruk.....	8
5.4	Forvaltningsmynde	8
6.	Beskriving av området med merknader.....	9
	Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune (utviding av Humleneset naturreservat)	9

1. FORSLAG

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark tilrår vern av ein utviding av Humleneset naturreservat med endring av namn til Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune. Utvidinga er foreslått med ny verneforskrift.

Tilrådinga omfattar 5435 dekar nytt verneareal som kommer i tillegg til 12 daa eksisterande areal frå Humleneset naturreservat. Totalt skogareal er 4512 dekar, og av dette er 4512 dekar produktiv skog.

Områda som blir foreslått verna, er:

1. Utviding av Humleneset naturreservat med endring av namn til Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord

1.1 Heimelsgrunnlag

Område blir foreslått vernet i medhald av naturmangfoldloven § 34 og § 62.

Område blir foreslått verna som naturreservat, jf. naturmangfoldloven § 37. Vilkåret for å kunne opprette eit naturreservat etter naturmangfoldloven § 37 er at arealet anten inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, representerer ein bestemd naturtype, på annan måte har særleg betydning for biologisk mangfald, utgjer ein spesiell geologisk førekomst eller har særskilt naturvitskapleg verdi.

Naturreservata skal bidra til bevaringsmåla i naturmangfoldloven § 33, mellom anna bokstavane
a (variasjonsbreidda av naturtypar og landskap),
b (artar og genetisk mangfald),
c (trua natur og økologiske funksjonsområde for prioriterte artar).

Verneområda skal bidra til å oppfylle fleire nasjonale mål som:

- *Eit representativt utval av norsk natur skal bevarast for kommande generasjonar.*
- *Økosystema skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester.*
- *Ingen trua artar og naturtyper skal utryddast, og utviklinga til truga og nær truga artar og naturtyper skal betras.*

Oppretting av verneområda bidreg til å nå internasjonale mål og forpliktingar, m.a. nedfelte i konvensjonen for biologisk mangfald artikkel 8 om eit samanhengande verneområdenettverk, jf. òg naturmangfoldloven § 33 bokstav g.

Ved å verne desse naturområda mot ulike typar inngrep, gir verneområda også eit positivt bidrag til det nasjonale og internasjonale målet om å stanse tapet av naturmangfald, jf. naturmangfoldloven § 33 bokstav a, b og c.

Områda vil bidra til å oppfylle det nasjonale målet vedtekne av Stortinget om 10 % vern av skog.

1.2 Verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget

Det foreslåtte verneområdet inkluderer viktige naturtypar og mange trua og nær trua artar.

Vern av området bidreg til å redusere dei negative effektane av klimaendringane, gjennom å sikre eit nettverk av viktige leveområde for naturmangfaldet i norske økosystem. Det foreslåtte verneområdet har stor variasjon og rikt arts mangfald. Slike område er robuste mot endringar i klimaet og bidreg til langsiktig bevaring av arts mangfaldet og vidareføring av dei økosystemtjenester skogen gir. Vern av området vil bidra til langsiktig binding av karbon. Det meste av skogen i denne tilrådinga er gammal barskog, blandingsskog og edellauvskog, (Barskog harm ifølgje rapporten Skogvern som klimatiltak (NINA rapport 752) har det største karbonlageret per arealeining i levande biomasse. Etter figur 1 i den same rapporten kan den gjennomsnittlege karbonmengda i levande biomasse i skog som blir verna, blir estimert til å vere om lag 70 tonn karbon per hektar).

I denne verneplanen er verneverdiane for området knytt til raudlista naturtypar som vil bidra til å fylle manglar i vernet, samtidig vil dei bidra til å bevare trua og nær trua artar.

Kunnskapsgrunnlaget om naturmangfaldet i verneforslaget er innhenta frå

- Blindheim, T. 2021. Kivledalen øst. Skogvern-ID, SKOGVERN 2110005242 Skoganalyse. BioFokus
- Brynjulvsrud, J. G. 2021. Naturverdier for lokalitet Kivledalen, registrert i forbindelse med prosjekt Frivilligvern 2020. NaRIN faktaark. BioFokus.
- Brynjulvsrud, J. G., Blindheim, T. 2021. Kivledalen. Skogvern-ID, SKOGVERN2110007700 Skoganalyse. BioFokus.
- Brynjulvsrud, J. G. 2022. Spådomsnuten Skogvern-ID, SKOGVERN 2210015213
- Edvardsen E. 2004. Viktige naturtyper i Seljord kommune
- Halvorsen, R. 1999. Viktige botaniske lokaliteter i Telemark. Fylkesmannen i Telemark. Fagrapport 7/1999
- Skoganalyse. BioFokus
- Naturbase
- Artskart

Dei viktigaste påverknadsfaktorane på verneverdiane i området som blir foreslått verna er hogst, mineralutvinning, kraftutbygging og andre utbyggingar som t.d. hyttebygging. Vern av det foreslåtte området skal gjennom føresegner om slike tiltak sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til å sikre areal med viktige vernekvalitetar og bidra til dekning av viktige manglar i skogvernet. Området vil bidra til langsiktig og effektiv bevaring av trua naturtypar og levestad for at mange trua artar, og dermed redusere den samla belastninga på artar som har risiko for å døyt ut.

Verneforskrifta opnar for at fleire pågåande aktivitetar kan førast vidare. Tiltak som isolert sett vurderast å ha lite å seie for verneformålet, kan i sum og over tid medverke til at verneverdiane ringast. For enkelte aktivitetar vil det derfor i tråd med prinsippa om samla belastning vere restriksjonar, slik at naturverdiane får eit auka vern. Dette er også i tråd med prinsippa om miljøforsvarlege teknikkar og lokalisering, og dessutan miljøringast? betalar der det ut frå omsynet til verneverdiane er fastsette føresegner om mellom anna ferdsel og infrastrukturtiltak. Ut frå dagens kunnskap om artar og naturtypar i området vil dei aktivitetane som i samsvar med verneforskrifta kan førast vidare, med lita grad av sannsyn ha vesentleg negativ innverknad på desse artane, naturtypane og landskapselementa. Vernereglane tillèt likevel ikkje vesentlege inngrep i området.

Statsforvaltaren vurderer det slik at vernet med stor grad av sannsyn vil føre til ei positiv utvikling for artane og naturtypene, jf. naturmangfaldsloven §§ 4 og 5. Statsforvaltaren reknar at kunnskapsgrunnlaget er i tråd med kravet i naturmangfaldsloven § 8. Statsforvaltaren har ut frå ei føre-var-tilnærming i verneforslaget vektlagt moglegheita for fleire påverkingar av same slag, eller ein kombinasjon av fleire ulike påverknadsfaktorar (samla belastning). Det føreligg elles etter Statsforvaltarens oppfatning tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet, påverknadsfaktorar og effekten av vernet. Føre-var-prinsippet blir derfor ikkje tillagt ytterlegare vekt i denne saka.

For nærare beskriving av verneverdiar, påverknadsfaktorar og effektar av verneforslaget, jf. naturmangfaldslovem kapittel II, blir det vist til omtalen av verneområdet i kapittel 6.

Dersom området ikkje blir verna, vil det vere andre sektorlovar som regulerer arealbruken framover og som skal vareta omsyna til biologisk mangfald.

1.3 Andre interesser

Verneforslaget grensar til ei høgspenningssone ved Kivle.

Frå Sundsbarmvatnet går det overføringstunnel til Sundsbarm kraftverk ved Seljord. Tunnelen er samanhengande, og det er ikkje kjent at dette inngrepet påverkar natur i tilbodsområdet. Det finst ein luftekanal med åpning nedanfor Karlstaul. Denne har frådelt tomt og inngår ikkje i verneområdet. Tett på verneforslaget i vest ved Åsangrøi ligg ein inntaksdam i bekken.

På vegen mellom Haugen og Karlstaul ligg det ein basestasjon som er tilkobla straum frå isolert kabel. Den er ikkje merka i vernekartet.

Verneforslaget grensar 800 m til den private Kivledalsvegen.

Det er laga fleire traktorvegar i området mellom Haugen og Listaul. Hovudvegen som går mellom Haugen og Karlstaul er grensa ut, men ut frå denne går det fleire sidevegar/traktorvegar merka i vernekartet.

Det går merka tursti i setervegen mellom Haugen til Skorva, merka i vernekartet. Stien er ein av tre stiar kommunen har laga turistfolder for. Ovenfor garden Haugen ligg ein tidlegare husmannsplass kalla Haugsrud der det berre er ruinar igjen. Dette reknast som kulturminne.

Mineral

Området røyrrer ved koparførekomsten Eisand⁸ som ikkje er vurdert av NGU og i ytterkant av sand- og grusførekomsten Flatdal⁹, som er vurdert til å ha liten betydning som byggeråstoff.

1.4 Planstatus

Verneforslaget ligg fullt ut innanfor område avsett til LNFR (natur- og friluftsområdet i landbruks-). Ved Humeneset ligg det omsynssone landbruk (H510_4). Ved Kivledalen ligg det omsynssone for bevaring naturmiljø (H560_10). Kraftlinje hjå tilbodsområda er markera som omsynssone Høgspenningsanlegg (H370). Tilbodsområde overlappar nokre stader med sone for spreidd fritidsbustad (LSF10 Sundsbarm)) og med sone for bustad (LS 8 Kivledalen). Statsforvaltaren legg til grunn at grunneigarane er medvitne om at et vern vil hindre moglegheiter for eventuelle frådelling av tomtar.

2. SAKSHANDSAMING

2.1 Sakshandsamingsprosessar

<i>Namn</i>	<i>Tilbod</i>	<i>Oppstart</i>	<i>Høyring</i>
(Utviding av Humleneset naturreservat med endring av namn til) Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune	Fire tilbud frå 19 eigedomar i perioden 29. april 2020 til 10. juni 2021	19.05.2023	04.06.2025

2.2 Forholdet til utredningsinstruksen

Verneforslaget er utarbeidd i samsvar med Utredningsinstruksen. I kapittel 1 og 2 grunngjev ein for verneforslaget på overordna nivå og samanhengen med nasjonale og internasjonale mål om å ta vare på eit utval av norsk natur blir klargjort. Vidare blir omtalt kort kva som eventuelt skjer med verneverdiane viss vernet ikkje blir gjennomført og kva verkemiddel som eventuelt kan vere relevante. I kapittel 5 blir samfunnsnytta av verneforslaga vurderte på eit overordna nivå, saman med økonomiske og administrative konsekvensar. I kapittel 6 blir omtalast og vurderast generelle kommentarar og konkrete merknader til verneforslaget frå ulike partar, styresmakter og interessegrupper. Etter avvegingar mellom verneverdiane i området og andre samfunnsinteresser er det undervegs i verneprosessen gjort endringar i vernereglar og avgrensing for verneforslaget.

Gjennomføringa i samsvar med rundskriv T-2/15 om saksbehandlingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldslova, forvaltningslova og utgreiingsinstruksen har medført inkluderande prosessar som sikrar ei vellykka gjennomføring.

Gjennom verneplanprosessen er det gjort ei avveging mellom verneinteresser og andre brukar- og samfunnsinteresser. Verneforslaget er også i størst mogleg grad tilpassa dei ulike brukarinteressene i området. Krava i naturmangfaldsloven § 14 er dermed oppfylt.

2.3 Forvaltningsmyndighet

Aktuelle kommunar skal gjennom høyringsprosessen gi tilbakemelding på om dei ønskjer å få tildelt forvaltningsmynde for nye verneområde i tråd med gjelda politikk på området. Forvaltningsmynde blir fastsett gjennom forskrifta når område blir vedteke vernet. Seljord kommune har ikkje slik mynde i dag, og har heller ikkje i høyringsprosessen gitt tilsvar på om de ynskjer ein slik mynde for det foreslegne verneområdet.

<i>Navn på område</i>	<i>Kommune</i>	<i>Har forv.mynd. i dag</i>	<i>Ønsker forv.mynd.</i>
(Utviding av Humleneset naturreservat med endring av namn til) Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat	Seljord	Nei	Tilbakemelding ikkje mottatt

3. VIKTIGE ENDRINGAR UNDER BEHANDLINGA AV VERNEPLANEN

3.1 Namn

Det har under høyringane kome innspel frå Språkrådet som foreslår endring av namnet. Statsforvaltaren tilrår å behalde namnet Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat der Humleneset

naturreservat også vil inngå.

3.2 Avgrensing

Det er ikkje gjort endringar av grensa anna enn justering til 8 m frå senter av 22 kV straumlinje. I høyringa var dette 4,4-6,5 m. Det er lagt til to korte traktorveggar i vernekartet sidan høyringa.

3.3 Verneforskriftene

Sidan eksisterande forskrift for Humleneset naturreservat var eldre enn naturmangfaldlova, er det krav til heilt ny forskrift. Forskriftsmalen frå Miljødirektoratet er endra sidan høyringa i fjor, og desse mindre endringane er tatt inn.

§ 2 Siste ledd er tatt ut som følgja av at malen er endra:

~~Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Seljord kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.~~

§ 4 punkt l er lagt til:

l. naudsynte akutte tiltak for istandsetjing av eksisterande regulert elvestrekning inntil verneområdet. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta

§ 7 punkt j er lagt til samt naudsynt motorferdsel i punkt §7 k

j. drift, vedlikehald og andre naudsynte tiltak på regulert elvestrekning inntil verneområdet, i den grad det er naudsynt for å utøve rettar eller oppfylle pliktar gitt i eller i medhald av energi- og vassdragslovgivinga

g. har fått endra formuling til naudsynt motorisert transport av ved, materialar og utstyr på *traktorveggar gjennom verneområdet* til hytte på gnr./bnr. 53/1 ved øvre Tveitjønn ~~utanfor verneområdet~~

4. OPPHEVING OG ENDRING AV TIDLEGERE VERNEVEDTAK

Følgjande eksisterande vernevedtak blir oppheva som følgje av den nye verneplanen:

Forskrift 28.04.1978 om vern for Humleneset naturreservat, Seljord kommune, Telemark.

5. FORVALTNING, ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSA

5.1 Vurdering av samfunnsnytte og samfunnsøkonomiske konsekvensar

Området er i arealplanane til kommunen avsett til Landbruks-, natur-, friluftsliv- og reindriftsområde (LNFR-område) (sjå også kapittel 1.4). Kartleggingar av naturverdiane i området er gjennomførte som del av verneplanprosessen. (I nokre tilfelle er eksisterande data brukte som utgangspunkt for vurdering av verneverdi). Bruksinteresser er klarlagde gjennom høyring av verneforslag og annan kontakt med partar saka vedkjem.

Vernet vil avgrense dei framtidige moglegheitene for m.a. skogbruk, jordbruk, mineralutvinning regulering av vassdrag, nedbygging og anna omdisponering frå natur til andre formål. Det er elles i verneplanprosessen lagt vekt på å komme andre interesser i møte gjennom avgrensing og forskriftsutforming.

Statsforvaltaren meiner at verneforslaget slik det no ligg føre har små negative konsekvensar. Samla sett vurderer Statsforvaltaren det slik at dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av vernet vil vere positive på sikt. Forslaget vil sikre natur som har ei positiv samfunnsnytte, sjølv om denne ikkje kan verdsetjast. Forslaget vil samtidig bidra til oppfylling av nasjonale og internasjonale forpliktingar om å vareta naturmangfaldet. Verneforslaget vil også sikre viktige område for friluftsliv.

5.2 Forvaltningsmessige og budsjettmessige konsekvensar

Dei største kostnadene som følgje av etableringa av verneområdet vil vere utgifter til forvaltning og skjøtselstiltak for å halde verneverdiane oppe. I tillegg vil det kunne vere behov for å restaurere natur i delar av området.

5.3 Avveging skogvern – skogbruk

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for avverknaden og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Område som blir omfatta av denne verneplanen er tilboden for frivillig vern av grunneigar før 1. februar 2022. Difor vert det ikkje omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet .

5.4 Forvaltningsmynde

Sidan Seljord kommune ikkje har meld interesse, er det naturleg at Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vert forvaltningsmynde.

6. Beskriving av området med merknader

Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat, Seljord kommune (utviding av Humleneset naturreservat)

Totalareal 5 435 dekar. Arealet etter utviding blir 5447 daa

Skogareal totalt 4 512 dekar.

Produktiv skog 4 512 dekar.

Verneformål og særskilte verneverdier:

Verneformål

Formålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur med ein mosaikk av rik edellauvskog og kalk- og lågurtfuruskog, samt sjeldne og trua artar av fleire organismegrupper. Området representerer ein bestemt type natur i form av bratte lisider med bekkekløfter, stup og skredjord.

Områdeskildring

Området ligg like nord for Seljord sentrum i Seljord kommune. Tilbudsområdet utgjer lisidene under fjellpartiet Skorva. I nord ligg vatnet Flatsjå der tilbudsområdet grenser til eit lite reservat ved navn Humleneset. Frå Flatsjå går foreslått verneområde opp mot Humlenesfjellet og Spådomsnuten. Vidare sørover mot Karlstaul og Listaul før det dreier vestover i bratte lisida ovanfor Kivlegrendi. Området omfattar i hovudsak aust, sør- og sørvestvendte lisider der ein finn ope berg, blokkmark, skrejord og bekkekløftar og myrlendt terreng. Også skogen har store variasjonar med gamal granskog, tørr furuskog, boreal lauvskog, rik edellauvskog og myrlendt mark. Nedre del av skogen er kulturpåverka, og i edellauvskogen finst styva tre. Berggrunnen i området består i hovudsak av kvartsitt og kvartsskifer, og lausmassane av morenemateriale.

Kartlegging

Tilbudsområdet er kartlagt som fire delområde sidan tilboda har kome på ulikt tidspunkt. Kartleggingane er gjennomført i perioden 2020- 2022. Området Kivledalen er kartlagt etter DN-håndbok 13 og fekk regional verneverdi (**). Kivledalen Vest, Kivledalen øst og Spådomsnuten er kartlagt etter ny metodikk og fekk høvesvis score på 5,17, 4,67 og 6,25 i Skoganalyse.

Vegetasjon, skogstruktur og påverknad

Eksposisjon, råme, geologi, høgdslag og del lausmassar avgjer i stor grad vilkåra for vegetasjonen i området. Frå vest ved Skriustøl er det mest fattige vegetasjonstypar av type blåbær- og bærlyngvegetasjon som dominerer. Også spreidde flater med fattig myrlendt terreng finst. I sør og rett opp for Kivlegårdene og Kivlegrendi dominerer rike vegetasjonstypar, og det meste av arealet er kulturpåverka i varierende grad. Ein stor del kan førast til haustingsskog, og det førekjem engrestar av historiske beitemarker og slåttemarkar (semi-naturleg eng). Treslagsfordelinga er rik med edellauvdominerte areal med alm, ask, hassel, spisslønn og enkelte eiketre. I ein stor del av dei edellauvdominerte areala er det forholdsvis tett med gamle individ av alm og ask kor ein stor del er hòle. Dette gjeld særleg der det førekjem tidlegare styva tre. I dei austre områda nedanfor Spådomsnuten dominerer eldre og gamal granskog med varierende innslag av bjørk i dei høgareliggjande områda. Ein del av desse skogane har rikelege førekomstar med dødt virke, god spreiding i nedbrytningsstadium, og gamalskogartar. Lenger ned i lisidene blir treslagssamansetninga rikare. Gran dominerer tresjiktet i store delar av lisidene, men mindre parti av edellauvdominert skog og furu på dei skrinne kollane. I tillegg til fleire grunne kløftar, førekjem to forholdsvis markerte bekkekløfter i området; Spådomsklaven og Listaulskaret. I Listaulskaret finst naturskog med frisk rik edellauvskog (NT) m.a. råtetvebladmose (EN), som kan seiast å vera ein signalart for vassdrag i skog

med høg naturverdi. I dei lågastliggjande områda ved Kløvhegni og på Humlenes er skogen i grove trekk yngre enn i andre delar av området. Ved Humlenes førekjem også gammal haustingsskog, med ein del grove almetre. Små parti med flaumskogmark (VU) førekjem på Humlenes og ved Kløvhegni, og kalk- og lågurtfuruskog (VU) har nokre få marginale førekomstar. Boreale lauvtre som bjørk, osp, rogn og gråor førekjem i varierende grad i heile området. Furu er det dominerande treslaget på kollene. Skogen i området er på det jamne ikkje veldig gammal, og ein del areal er å rekna for suksesjonar på gammal kulturmark. På dei mest produktive delane er det til dels store mengder død ved i ulike nedbrytningsfasar av alle treslag som finst i området. Skogen er mykje fleirsjikt med god spreiding.

Verneverdiar

Noreg er delt inn i sju bioklimatiske seksjonar der området ligg i svakt oseanisk vegetasjonsseksjon O1. Dei som har kartlagt finn at det store området ligg i fleire soner: sørboreal, boreonemoral og nemoral sone.

Til saman er det påvist 38 raudlisteartar. Desse spreier seg med 6 sterkt trua EN, 7 sårbar VU, 25 nær trua NT. Dei sjeldne og trua artane finnes i ulike habitat og i mange artsgrupper. Desse fordeler seg på jord- og vedboande sopp, mosar, lav og karplantar.

Etter DN-handbok 13 er det avgrensa 12 kjerneområder der fire er A-områder (svært viktig), sju er B-områder (viktig) og eit område er C-område (lokalt viktig). Norsk raudliste for naturtypar av 2018 er basert på kartleggingssystemet Naturtypar i Noreg (NiN). Følgjande raudlista naturtypar er funne i området: Frisk, rik edellauvskog (NT), lågurtedellauvskog (VU), høgstaude edellauvskog (VU), kalk- og lågurtfuruskog (VU), flomskogsmark (VU).

Kivledalen og Spådomsnuten vil være eit viktig tilskot til vernearbeidet i Telemark. Avstanden til verneområda langs Seljordsvatnet er ikkje særleg stor, og det nye området vil inngå i eit viktig nettverk av verneområde i denne "hotspot"-regionen. Samla vurderer Statsforvaltaren at området strekk seg mot nasjonal verneverdi.

Området dekkjer manglar i høve til mangelanalysen for skogvernarbeidet i Norge (Framstad mfl. 2017). Området oppfyller regionale manglar i skogvernet ved at store deler av skogdekt areal kan føres til rik blandingsskog i låglandet som har stort udekket vernebehov i regionen. Det inneheld nær trua og trua natur både av naturtypar og artar innanfor gamal barskog og edellauvskog. Generelt er det også mangler i skogvernet for skog i sørboreal/boreonemoral sone.

Inngrepsstatus og andre interesser:

Dette er omtalt i kapittel 1.3.

Samandrag av høyringsfråsegnene:

Verneplanen ble i tillegg til de sentrale høyringspartane sendt på høyring til grunneigarar, Seljord kommune, Telemark fylkeskommune, Seljord Skogeigarlag, Seljord Turlag, Seljord Jakt og Fiskelag, Kviteseid Jeger- og Fiskerforening, Kviteseid Løypelag, Kviteseid Turlag, Kviteseid Skogeierlag, Forum for natur og friluftsliv i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, Birdlife Telemark, DNT Telemark, Vestfold og Telemark orienteringskrets, Skagerak Energi AS, Skagerak Kraft AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Sundsbarm kraftverk DA, Øst-Telemarkens Brukseierforening, Arendal Vasdrags Brugseierforening, Telemark Energi AS, Notodden Energi AS, Everket AS Notodden, Telemark Nett AS, DE Nett AS, Småkraft AS, Lede AS (tidl. Skagerak Nett), Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening, Aust-Telemark Sau og Geit,

Telemark Sau og Geit, AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Norges Naturvernforbund, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelse, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO), Stiftelsen Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Birdlife Norge, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NTNU Fakultetet for naturvitenskap, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Språkrådet, Statens Vegvesen Vegdirektoratet, Stiftelsen WWF Verdens naturfond.

Det har kome inn 8 høringsfråsegn til verneforslaget. I tillegg tek vi med oppstartsmeldingane frå Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning, sidan dei ikkje har uttalt seg til høyringa.

Direktoratet for mineralforvaltning (oppstartsmelding- brev dagsett 30.06.2023):

Området rører ved koparførekomsten Eisand⁸ som ikkje er vurdert av NGU og i ytterkant av sand- og grusførekomsten Flatdal⁹ som er vurdert til å ha liten betydning som byggeråstoff. DMF forventar at det innhentast meir informasjon om koparførekomsten med tanke på konsekvensar for mogleg tilgang på eigna mineralske ressursar og førekomstanes samfunnsmessige betydning. Dette må gå fram av høringsdokumenta.”

Landbruksdirektoratet (oppstartsmelding- brev dagsett 24.07.2023) ber om at det av høyringsdokumenta må kome fram korleis områda vert bruka i landbrukssamanheng, og at omsynet til dette må bli ivaretatt i verneforskriftene. Dei peikar spesielt på gjennomgåande vegar, stølar, beitebruk og reindrift. Statleg og kommunal landbruksforvaltning bør bli involvert i verneprosessen, uttalar direktoratet.

Bane NOR har ingen merknader.

Forsvarsbygg uttaler seg med den hensikt å ivareta Forsvarets arealbruksinteresser. Høringsforslaget omfatter fire ulike områder. Unntaksbestemmelse for Forsvarets operative virksomhet er inkludert i alle forslagene til forskrift. Vi har ingen ytterligere merknader til høringsforslaget.

Lede har ikkje områdekonsesjon i Seljord kommune, der utvidinga av Humleneset naturreservat er føreslått plassert. Vi ber derfor SFVT om å kontakte gjeldande områdekonsesjonærar, Telemark Nett AS, for føresegner. Lede eig og driftar anlegg som er etablert i samsvar med anleggskonsesjon innan kommunane. Nettanlegg som vert drifta i samsvar med tildelte anleggskonsesjonar har god avstand til verneområdet. Lede informerer om at nokre av dei kraftlinjene som er teikna inn i vernekartet, sør for verneområda, er eigd og drifta av Statnett SF. Lede ber difor om at SFVT tek kontakt med dei i forbindelse med høyringa.

Statnett: Utviding av de fire naturreservatene Mørkvassjuvet, Omnflug, Fjellstulfjellet, **Kivledalen og Spådomsnuten** i Kviteseid, Nome, Notodden og Seljord kommuner, berører ikke Statnett sine anlegg eller planer. Statnett har derfor ingen bemerkninger.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Verneområdet ligger nært 22 kV nettlinjer. Vi er positive til at standardbestemmelser for energi- og kraftanlegg er inkludert i verneforskriften. Vi ber Vest-Telemark og Telemark Nett om å uttale om behovet for anleggsarbeid og motorferdsel i

verneområdet i forbindelse med drift, vedlikehold og oppgradering av nettanlegg. Vi ber også om å uttale om fremtidige planer for nettanlegg i dette området. Under verneområdet ligger det kraftverkstunnelen til Sundsbarm vannkraftverk. Skagerak Kraft AS eier kraftverket. Vest for verneområdet ligger det et av inntakene til Hovuduk kraftverk som eies av Hovuduk kraftverk AS. Statsforvalter vurderer at verneforslaget ikke berører vassdragsanlegg. Skagerak Kraft AS bekreftet i epost til NVE den 10.07.2025 at verneområdet ikke berører vassdragsanlegg og infrastruktur knyttet til Sundsbarm vannkraftverk. Samtidig grenser verneområdet til en regulert elvestrekning. NVE mener at når verneområdet grenser tett med en regulert elvestrekning at det kan oppstå konflikt mellom vernebestemmelsene og konsesjonæren sine plikter i henhold til vassdragslovgivningen. Eksempel på slike tiltak kan være rydding av vegetasjon og løsmasser, sikring mot flom og erosjon, etablering av målestasjoner og andre tiltak som kan pålegges med hjemmel i gjeldene konsesjon. Derfor skal vernebestemmelsene utformes slik at konflikter mellom eksisterende reguleringsformål og fremtidig vern unngås. Vi viser til hvordan dette ble løst for Storås naturreservatet (lenke til forskriften <https://lovdata.no/forskrift/2025-06-24-1224>) som berører samme reguleringen lengre oppstrøms Kivledalen og Spådomsnuten. Det er gitt spesifisert dispensasjon i verneforskrift §7 til at regulanten kan søke om tiltak i eller inntil verneområdet knyttet til drift, vedlikehold og andre tiltak på regulerte elvestrekning, i den utstrekning det er nødvendig for å utøve rettigheter eller oppfylle plikter gitt i eller i medhold av energi- og vassdragslovgivningen. Verneforskriften for Storås gir unntak i forskriftens §§ 4 og 6 for akutte tiltak på den regulerte elvestrekning, inkludert motorisert ferdsel, som er nødvendig for å unngå skade på mennesker, infrastruktur, miljø eller eiendom. Konsesjonæren skal sende en orientering til vernemyndighetene i etterkant. Vi mener slike bestemmelser kan være aktuelle også for Kivledalen og Spådomsnuten og ber Statsforvalter å opprette en dialog med Skagerak Energi AS for å sikre at deres behov er dekket.

Verneområdet grenser med en flomutsatt strekning i Flatdøla. Det ble utarbeidet et flomsonekart delprosjekt Flatdal i 2008. Flere flom- og erosjonssikringsanlegg er etablert langs elvestrekningen. Det foreslåtte verneområdet ligger ved sikringsanlegg for flom (blått) og erosjonssikring (rosa) (se figur 1). Drift og vedlikehold av flom- og erosjonssikring er nødvendig ved sikringsanlegg for flom (blått) og erosjonssikring. Det kan også bli behov for å bygge om, fornye og utvide anleggene. Basert på kartopplysninger har verneområdet ingen etablerte veier til sikringsanleggene på sørsiden av elven. Det kan bli behov for å etablere midlertidig adkomstvei til elvebredden via verneområde i forbindelse med flom- og erosjonssikring. Dette vil kun gjelde hvis det ikke vil være mulig å komme fra nordsiden av elven. NVE ber om å åpne i verneforskriften for anleggsarbeid i forbindelse med sikring mot flom og erosjon. Videre ber vi å tillate etablering av midlertidig veier og motorferdsel. Vi ber om at det gis generelt unntak ved akutte behov som kan føre til skade for miljø, eiendom og mennesker. For planmessige tiltak på sikringsanleggene ber vi om å spesifisere disse under §7 spesifisert dispensasjon i verneforskriften. NVE har sendt med et konkret forslag på hvordan slike bestemmelser kan utformes i §§4,6 og 7. NVE oppfordrer Seljord kommune om å uttale om behovet knyttet til flom- og erosjonssikring

Hovuduk kraftverk AS Hovuduk kraftverk ligger utenfor det verneområdet som er angitt i høringen og er således ikke berørt av vernet. Vi vil påpeke at østre inntak ligger helt inntil verneområdet med rørgate vestover. Detaljer om kraftverket går fram av NVE Atlas. Østre inntakspunkt har følgende posisjon jf. NVE Atlas: EU89 UTM 33 6614929N 136097Ø Hovuduk kraftverk har lest høringssvar fra NVE og mener det svaret er dekkende. Hovuduk kraftverk må kunne drive vedlikehold av dette inntakspunktet i fremtiden. Hovuduk kraftverk har ikke andre merknader til høringen.

Telemark nett: Telemark Nett har straumnett i nedre del av fjellsida i heile dalen. Det er både luft og kabel. Høggpent og lågspent. Telemark Nett må ha tilgang til og fortsett lov til å drive naudsynt

vedlikehald, fornying av nettet og nybygging. Vedlikehald er og hogging av skog som er til fare for å dette på låg eller høgspenning linjene, også utanfor klausulert ryddebelte.

Språkrådet: I Seljord kommune er det tale om utviding av eit verneområde som i dag ber namnet Humleneset naturreservat. Etter planen skal det no leggjast til eit område i liene på vestsida av vatnet Flatsjø og eit område attmed Kivledalen. Det er føreslege at det utvida området får namnet Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat. Sidan det berre er nordhallet av Kivledalen som blir med i verneområdet, vil brukarane kanskje tykkje at det blir noko misvisande å leggje dalnamnet til grunn for namnet på området. På det tilsende plankartet for verneområdet, ser ein at dei aktuelle liene attmed Kivlegrendi går opp til eit stort fjellparti som heiter Såvestaulnuten. Denne nuten må seiast å liggje sentralt i øvre kanten av den sørvestlege halvparten av verneområdet. Vidare må ein kunne seie at Humlenesfjellet har ein tilsvarande posisjon i den nordaustlege halvparten av verneområdet. Difor verkar det tilrådeleg å nytte Humlenesfjellet og Såvestaulnuten naturreservat som namn på området. Å late namnet Humlenesfjellet gå inn i namnet på reservatet vil ha den fordel at det gjev ei vidareføring av namneleken Humlenes- i denne samanhengen. Det er truleg slik at namnet Spådomsnuten er meir kjent enn namnet Humlenesfjellet. Dette kan vere eit argument for å nytte namnet Spådomsnuten i staden for Humlenesfjellet i reservatnamnet. Skrivemåtane Såvestaulnuten, Humlenesfjellet og Spådomsnuten er alle registrerte som eineformer i SSR.

Statsforvaltarens kommentarar:

Fråsegn frå Statnett SF, Bane Nor SF, Lede AS, og Forsvarbygg vert tekne til etterretning.

Direktoratet for mineralforvaltning si merknad til oppstartsmeldinga vart av Statsforvaltaren kommentert slik i høyringsdokumentet; *Fleire områder skal kartleggjast i Telemark denne sumaren, og me tolkar NGU si oversikt slik at dette også omfattar tilbodsområdet. Statsforvaltaren har ikkje eigen kompetanse på mineral, og vel å senda høyringdokument til både DMF og NGU. DMF og NGU fekk høyringsdokumenta tilsendt utan at vi har motteke fråsegn. Statsforvaltaren går derfor vidare med verneforslaget utan særskilde omsyn til eventuelle mineralførekomstar.*

Til innspel frå Landbruksdirektoratet vil Statsforvaltaren kommentere at området som vert foreslått verna ikkje har støy-/seterbusetnad med bygningar. Hytter, støyalar og skogshusvær ligg på utsida av tilbodsområdet. Det er teke høgde for beite og gjerdehald i verneforskrifta.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Telemark Nett, Hovuduk kraftverk as:

Vi oppfattar at det her er fire poeng og behandlar desse samla.

1. Det må takast omsyn til 22 KV linje som verneområdet grensar til. I høyringa vart vernegrensa lagd 3,3-6,5 m frå senter av linja. I NVE rettleier 2016 er tilrådd ryddebreidde 15-20 m for 22 kV uisolert linje. Statsforvaltaren endrar kart slik at vernegrensa vert 8 m frå senter av linja i Kivledalen. I verneforskrifta er standard omsyn til kraftlinja tatt inn sidan linjenettet grensar til verneområdet.
2. Det må vera tilstrekkeleg avstand til Hovuduk kraftverk asAS? sitt inntakspunkt. Vernegrensa ligg ca. 43 m i luftlinje frå inntakspunktet, og Statsforvaltaren kan som firmaet ikkje sjå at vernet her kjem i konflikt med vedlikehald av inntakspunkt i bekken.
3. NVE meiner at når verneområdet grenser tett med ei regulert elvestrekning kan det oppstå konflikt mellom verneføresegna og konsesjonæren sine pliktar i samsvar med vassdragslovgivinga. Statsforvaltaren fekk oppmoding om å nytta dei same verneføresegna som i Storås naturreservat som ligg høgare opp i same vassdraget, og som var verna i juni 2025. Dette er no gjort.

4. Verneområdet grenser mot ei flaumutsatt strekning i Flatdøla kor NVE peikar på at det er etablert sikringsanlegg for flaum og erosjonssikring langs elvestrekninga. NVE meiner det vil være behov for vedlikehald, kan hende utviding og bygging av mellombelse vegar for å sikre busetnad og store landbruksareal. Statsforvaltaren viser til at det er ei ca. 300 m lang skogvokst sone i verneforslaget som grenser til den regulerte Flatdøla. Dei flaumanlegga som måtte vere? bygd kan vedlikehaldast etter § 4 d, og siste bokstav i §7 opnar for å kunne gi løyve til naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar. Statsforvaltaren meiner dette er tilstrekkeleg og ser det ikkje som ynskjeleg å utvida flaumvernet på den aktuelle strekninga når skogen vert verna og verneinteressane er tjent med naturleg forstyrningar som flaum. Vi kan heller ikkje så at dette kan føre til ulempe for jordbruksarealar og busetnad nedstraums, men tvert om bremse energien i vatnet.

Språkrådet meiner området bør heite *Humlenesfjellet og Såvestaulnuten* naturreservat, alternativt *Spådomsnuten og Såvestaulnuten* naturreservat. Ved utviding av reservat er det vanleg å føre namnet vidare. I dette tilfellet var Humleneset naturreservat på berre 12 daa og utvidinga 5 449 daa. Statsforvaltaren vurderte derfor tidleg eit nyt namn. Før Statsforvaltaren sende verneforslaget på høyring var planen vår at området skulle hete Spådomsnuten. Så fekk me innspel frå Tron Olav Tinnes i skogeigarforeninga der han skriv *»Jeg har videre snakket med grunneiere i Kivledalen, og de vil helst at området skal hete Kivledalen-Spådomsnuten»*. Statsforvaltaren tok dette til følgje. Både Såvestølnuten og Humlenesfjellet ligg på utsida av verneforslaget. Statsforvaltaren tilrår derfor å behalde namnet som er nytta i høyringa; Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat.

Statsforvaltarens tilråding:

Statsforvaltaren tilrår at området blir verna som naturreservat med endring i verneforskrift og vernekart som beskrive.

Vedlegg:

Vedlegg 1. Forslag til vernekart for Kivledalen og Spådomsnuten naturreservat i Seljord kommune

Vedlegg 2. Verneforskrift

Vedlegg 3. Høyringsfråsegner samla.